



Kulturnatt Etne

Dato: 13.01.2016
Vår ref.: 2014/24253-200
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Søknad om tilskot Kulturnatt 2016

Vi har motteke dykkar søknad om tilskot til Kulturnatt 2016. Alle fristar for tilskotsordningar 2015 var over då vi mottok dykkar søknad, og midlane fordelt. Vi vil også gjere merksam på at Hordaland fylkeskommune ikkje gir sponsormidlar, men støtter kulturlivet i fylket gjennom vedtekne tilskotsordningar.

Det vert no jobba med revidering / omlegging av fleire søknadsordningar for 2016. Dette er eit tiltak i regional kulturplan PREMISS:KULTUR for at våre søknadsordningar betre skal vere med på å støtte opp under dei satsingane som ligg i den nye planen. Nye ordningar/reviderte ordningar vil verte kunngjort på våre nettsider siste veke i januar. Vi vil anbefale særskild å sjå nærare på søknadsordningane Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell og Kulturtiltak – amatør. Desse vil ha søknadsfrist 1. mars. Om de finn at prosjektet dykkar passar inn t.d. i nokon av desse ordningane er de velkomne til å søkje igjen.

Ronny B Skaar
Seksjonsleiar/utviklingsjef

Tone Stedal Haugland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.